

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmar
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 11.05.2017
FRÅ: Administrerande direktør Herlof Nilssen
SAKSHANDSAMAR: Bjørn Ivar Bø
SAKA GJELD: Lærlingar i helseføretaka

ARKIVSAK 2017/2922
STYRESAK 049/17

STYREMØTE 11.05. 2017
Administrerande direktør si orientering pkt 4

Fakta

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein halvårleg rapport på krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2017 i forbindelse med lærlingar.

Følgjande krav er stilt til helseføretaka når det gjeld lærlingar i styringsdokumentet for 2017:

- Sikre tilstrekkeleg med utdanningsstillingar, praksisplassar og eigne læreplassar.

I tillegg til krav i oppdragsdokumentet for 2017 har Helse Vest frå 2005 stilt sjølvstendige krav til eigne lærlingar i styringsdokumenta til føretaka uavhengig av styringskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Kommentarar

Helseføretaka er store arbeidsgivarar og det er viktig at dei legg til rette for å bidra til å sikre samfunnet sitt behov for fagarbeidarar med høge kvalifikasjonar gjennom å leggje til rette for gode læreplassar.

Dette samfunnsansvaret vil ein forsøke å levere på som arbeidsgjevarar, men også ved å stille krav til leverandørar. Det er med andre ord ikkje tilstrekkeleg for føretaka å vera godkjend lærebedrift, men ein må også aktiv tilsette lærlingar. Det same kravet blir stilt til leverandørane.

Det er og inngått ein Samfunnskontrakt mellom partane i arbeidslivet der målet er å sikre fleire lærlingplassar på fleire fagområde. Regjeringa har også utarbeidd ein strategi for å få fleire lærlingar i staten, og eit viktig tiltak i denne samanhengen er at alle statlege verksemdar skal knyte til seg minst éin lærling. Vi går ut i frå at dei regionale helseføretaka og underliggjande helseføretak er kjende med Regjeringa sin strategi og etterlever dei krav som følgjer av den.

Halvårleg rapportering for tal lærlingar er føremålstenleg for å ta omsyn til inntak av lærlingar på hausten. Det var 217 lærlingar ved utgangen av 2011 og 339 ved utgangen av 2016. Det har vært ein jamn auke år for år og nye fagområder er etablert som lærlingefag.

Ved utgangen av 2016 var talet lærlingar fordelt slik:

Lærlingar 2016 inkludert TAF lærlingar					
Føretak	Eigne lærlingar			Eksterne lærlingar	Totalt
	Ambulanse	Helsefagarbeidarar	Lærlingar innan andre fag	Helsefagarbeidarar utplasserte frå kommunane - varierer fra år til år i forhold til volum lærlingar kommunene tar inn	
Helse Stavanger	17	76	9	0	102
Helse Fonna	29	23	3	0	55
Helse Bergen	42	11	13	59	125
Helse Førde	25	0	0	26	51
Sjukehusapoteka Vest	0	0	0	0	0
Helse Vest IKT	0	0	6	0	6
Totalt	113	110	31	85	339

Helse Vest RHF er også godkjent som lærebedrift, og er i prosess for å rekruttere lærling i kontor- og administrasjonsfag.

Læretida for dei ulike faga har ulik lengde og avgangen av lærlingar gjennom eit opplæringsår vil derfor være ulik. Mange lærlingane avsluttar læretida med fagprøve ved årsskiftet/nyåret og tal lærlingar vil derfor være lågare på våren enn på hausten. Nedgangen i tal lærlingar i 2016 frå 339 til 311 per mai 2017, heng saman med tal lærlingar som går opp til fagprøve i løpet av vårparten.

Status tal lærlingar per mai 2017

Føretak	Tal	Avdeling	Fagområde	Merknader
Helse Fonna	2	Internservice - matforsyning	Institusjonskock	1 første års og 1 andre års lærling. Skal ta inn 1 ny i august 2017.
Helse Fonna	15	Kirurgisk klinikk Haugesund Medisinsk klinikk Haugesund Klinikk Somatikk Stord	Helsefag	8 andre års lærlingar er ferdige i august og erstattast med 8 nye.
Helse Fonna	21	Klinikk for medisinsk service og beredskap Ulike ambulansestasjoner	Ambulanse	10 andre års lærlingar er ferdige i sommar og erstattast av 10 nye.
Helse Stavanger	52	Avdeling for Fag- og føretaksutvikling - Helsefag lærlingar/Brukerutval/Prosjekter	Helsefagarbeidar	
Helse Stavanger	20	Divisjon for Medisinsk service - Ambulansetenesta	Ambulansefaget	
Helse Stavanger	3	Divisjon for Driftsservice - Avdeling for sikkerhet og service - Seksjon for vakt og sikring	Sikkerhetsfaget (vekker)	
Helse Stavanger	4	Divisjon for Driftsservice - Avdeling for sikkerhet og service - Portørseksjonen	Portørfaget	
Helse Stavanger	1	Divisjon for Driftsservice - Egedomsavdeling - Elektroseksjon	Elektroseksjonen	Lærling tatt inn i regi av NAV for å hjelpe frem til ny fagprøve. Målet er fagprøve juni 2017.
Helse Stavanger	1	Divisjon for Driftsservice - Egedomsavdeling - VVS-seksjonen	VVS-seksjonen	Lærling tatt inn i regi av NAV og videreformidla til rammeavtalepartner innan VVS.
Helse Bergen	42	Akuttmedisinsk avdeling	Ambulanse	
Helse Bergen	11	Seksjon for fag og utdanning	Helsefagarbeidar	
Helse Bergen	59	Seksjon for fag og utdanning	Helsefagarbeidar utplasserte frå kommunen	
Helse Bergen	1	Drift/teknisk	Institusjonskock	
Helse Bergen	2	Transportteknisk seksjon	Automasjon	
Helse Bergen	2	Hospitaldrift, forsyningsteneste	Logistikk	
Helse Bergen	2	Medisinsk-teknisk avdeling	Finmekanikk	

Føretak	Tal	Avdeling	Fagområde	Merknader
Helse Bergen	1		Fotograffaget	
Helse Bergen	2	Drift/teknisk	Portørfaget	
Helse Bergen	3		Barnehage	
Helse Vest IKT	2	Teneste produksjon	Data elektronikkar	18 månaders læretid
Helse Vest IKT	4	Teneste produksjon	Ikt-service	24 månaders læretid
Helse Førde	4	Nordfjord	Helsefag	YSK lærling (tidlegare TAF)
Helse Førde	9	Ambulansetenesta	Ambulansefag	1. årslærlingar
Helse Førde	5	Ambulansetenesta	Ambulansefag	2. årslærlingar
Helse Førde	17	Ambulansetenesta	Ambulansefag	Voksen lærlingar
Helse Førde	26	Somatikk	Helsefag	Helsefagarbeidarar utplassert frå kommunane – ikkje eigne lærlingar.
Totalt tal lærlingar	311			

Sjukehusapoteka Vest er ikkje godkjent lærebedrift.

Helse Vest RHF blei godkjent som lærebedrift i 2017, og er no i prosess for å rekruttere lærling.

Helse Vest IKT har nyleg dobla tal lærlingar frå 3 til 6 og har ikkje nokon strategi for å auke tal lærlingar utover dette. Helse Vest IKT vurderer dette som rett tal lærlingar dersom læreperioden skal være god.

Helse Vest har bedt helseføretaka gjere greie for utviklinga av tal lærlingar og kva strategiar dei har. Oppsummeringa frå kvart av føretaka er samanstilt i tabellane nedanfor.

Helse Fonna	Helse Førde
<p>Helse Fonna har hatt eit stabilt tal lærlingar dei seinare år – tilsvarande tal i tabellen ovanfor. Omfanget er tilpassa føretakets behov for rekruttering innan dei aktuelle faga. Dette gjeld særleg innan ambulanséfaget.</p> <p>Innan helsefag har det vore utfordrande å tilsetje helsefagarbeidarar i ledige faste stillingar ved fullført læretid. Omfanget av lærlingar baserar seg også på det generelle omfanget av studentar i føretaket og tilgang på instruktørar og rettleiarar.</p> <p>Helse Fonna har ikkje konkrete planar om å auke ta lærlingar innan dei aktuelle faga, men vurderer behovet i andre fag kor dei ikkje har lærlingar i dag til dømes innan internservice område/tekniske fag.</p>	<p>Helse Førde vil foreta ein kartlegging som viser alderssamansetning og tal medarbeidarar i ulike yrkesgrupper i føretaket.</p> <p>På bakgrunn av denne kartlegginga vil Helse Førde utarbeide ein kompetanse- og rekrutteringsstrategi som og vil inkludera lærlingar.</p>

Helse Bergen	Helse Stavanger
<p>Det blir i løpet våren/mai eit eige opplæringskontor for lærlingar i føretaket for i enda større grad støtte opp om klinikkane behov for støtte til oppfølging av lærlingane. Føretaket ynskjer på denne måten å profesjonalisere oppfølging av lærlingane.</p> <p>Samarbeidsavtalene som er inngått med kommunane om helsefagarbeidar lærlingar vil bli gjennomgått på ny med sikte på å auke tal lærlingar.</p> <p>Helse Bergen har hatt eit forsøk med TAF lærlingar innan helsefagarbeidarfaget. Ordninga vil bli evaluert og vurdert opp mot den ordinære lærlingeordninga.</p> <p>Fagarbeidarutdanning er viktig på kort og lang sikt. Det er derfor ein langsiktig strategi om ein gradvis auke i tal lærlingar samt å auke tal fagområder for lærlingar i føretaket.</p>	<p>Helsefagarbeidarfaget: Det er god rekruttering til læreplassane. Det føreligg ikkje planar på kort eller lengre sikt å auke tal lærlingar (26 nye kvart år).</p> <p>Fokus er å oppretthalde dette nivået i tida framover. Årsaka til dette er at endringar i organisasjon- og avdelingsstruktur set dette under noko press.</p> <p>Ambulanséfaget: Auka inntaket av lærlingar i 2016 frå 7 til 10,. Det er plan om same inntak i 2017.</p> <p>Helse Stavanger har med dette auka tal lærlingar frå 14 til 20 lærlingar i tenesta. Årsaken til veksten er å innfri akuttmedisinforskrifta sine krav til kompetanse i tenesta. For ambulansetenesta er Helse Stavanger nå svært nær grensa for tal lærlingar Helse Stavanger kan ha i tenesta, samtidig som Helse Stavanger sikrar ein god læreperiode.</p>

Helse Bergen	Helse Stavanger
<p>I samarbeid med Spekter og Fagforbundet er det planlagt ein utgreiing for å identifisere korleis Helse Bergen kan auke tal lærlingar og bredde på lærlingar innan driftsdelen av sjukehuset (ikkje helsearbeidar og ambulanse). Dette er eit av tiltaka knytt til målsettinga i «Samfunnskontrakt for fleire læreplasser».</p> <p>I tillegg til utgreiing innan driftsdelen av sjukehuset er det også ein klar målsetning om å auke tal helsefagarbeidarlærlingar. Dette er planlagt frå 2018.</p> <p>Helse Bergen har eit tett samarbeid med Fylkeskommunen om fagskuletilbod innan lærling faga for å sikre karriere moglegheiter for den enkelte kandidat samt føretaket sine framtidige kompetansebehov. Saman med Fylkeskommunen har Helse Bergen utvikla Norges første fagskuletilbod innan spesialreinhold og smittevern der tredje kull skal takast opp til hausten. Det er også samarbeid om tilbod innan rus, psykiatri og rettleiing på fagskulenivå.</p>	<p>Vektarfaget: Aukar til 4 lærlingar frå august 2017 (2 første års + 2 andre års).</p> <p>Portørfaget: Tar inn 2 ekstra lærlingar hausten 2017. Då har Helse Stavanger 3 første års lærlingar og 3 andre års lærlingar.</p> <p>Handverksfaga: Leiarane av avdelingane uttrykker vilje til å vurdere inntak av lærlingar der Helse Stavanger har fagarbeidarar og kan få etablert ein løysing med god oppfølging av lærlingane.</p> <p>Dagens økonomiske situasjon tilseier derimot at det er svært krevjande å kunne ta inn lærlingar innanfor de ulike fagmiljøa, med dagens økonomiske rammer.</p> <p>Helse Stavanger har eit håp/ynskje om å etablere eit prosjekt der ein ser på handlingsrommet for å auke tal lærlingar. Dette er førebels på utgreiingsstadiet.</p>